



*Desse malevia i dåpsrommet var opphavleg ein del av koret i St. Edmunds kyrkje. Sannsynlegvis vart dei laga av ein omreisande kunstnar ein gong i første halvparten av 1600-talet, ikkje så lenge før stavkyrkja vart riven. Men veggplankane er mye eldre. Årringsanalysar viser at dei skriv seg frå 1200-talet, og vi kan følgeleg rekne med at St. Edmunds kyrkje vart bygd på den tida.*

gamle stavkyrkja gjekk gjennom ei oppussing ikkje så lenge før oppdalingane bestemte seg for å bygge eit nytt og større gudshus.

## Raulåna - Oppdals «herrestue»

### Ved første augnekast

verkar ikkje Raulåna spesielt interessant. Bygningen har ei tradisjonell form og kjem noe i skuggen av den prangande naboen, kyrkja. Men i realiteten er Raulåna ein av dei mest verdifulle og interessante bygningane vi har i Norge frå 1600-talet. Og dette huset har i mange år vore eit av dei mest forsømde og vanstelte kulturminnesmerka i distriktet.

Som kyrkja har Raulåna ei fløystong av jern. På fløyen står årstalet




*Raulåna har hatt mange funksjonar sidan Hans Bernhoft sett ho opp i midten av 1670-åra: gjestehus for kongar og anna gjøvt folk, skulehus, kommunehus, ungdomshus, lagerplass for skrammel og skrot.*

1675 - etter alt å dømme året da huset stod ferdig. Det vart bygd av den driftige presten Hans Bernhoft, og hovudgrunnen var å skaffe rom til gjester av forskjellig slag. Vi veit at trafikken over fjellet var ei stor belastning for prestane, som hadde plikt til å ta hand om reisande, og vi veit at presten Hans Bernhoft på eige initiativ dreiv skule med utabygds elevar. Presten måtte sjølvsagt også kunne ta mot biskopen og andre geistlege gjester med følge på ein skikkeleg måte. Så rombehovet var stort.

Vi merkar oss at Hans Bernhoft også fekk sett opp to badstuer i prestegarden. Langfarande gjester måtte ha ein stad der dei kunne ta eit realt dampbad etter ei slitsam reise frå Trondhjem eller over Dovrefjell.

### Eit byhus på landet

Det som særmerker Raulåna og gjer ho spesielt interessant og verdifull i landssamanheng, er sjølv byggestilen. Vi prøver å setje oss inn i tankegangen til sokneprest Hans Bernhoft, der han sat i presteboligen tidlig i 1670-åra og planla og kalkulerte huset. Økonomien hans sette klare grenser. Huset måtte byggjast av tradisjonelle, lokale materiale - altså laftast av tømmer. På den andre sida ville det slett ikkje sømme seg å sette opp eit vanleg bondehus i prestegarden og la fint folk av embetsstand - ja, også kongar - losjere som dei skulle vere simple bønder. Huset måtte få preg av høg sosial status, men det laut gjerast på ein så billeg måte at presten i den



fattige fjellbygda ikkje fekk øydelagt økonomien sin. Denne problemstillinga pregar Raulåna.

### Frå herrestue til ungdomshus og skrotlager

Hans Bernhoft betalte byggekostnadene for Raulåna, og dei var ikkje små, skriv sonen Anders. Men vedlikehaldsutgiftene fall på allmugen. Det var gammal lov at bøndene skulle halde vedlike eit husvære - eit såkalla herre- eller bispekammer - der biskopen og følgjet hans kunne innosjerast når det var visitas. Og Raulåna vart bruka som *herrestue* for slike formål. Men oppdalsbøndene var ikkje innstilte på å yte meir enn høgst nødvendig til vedlikehaldet. Dette delte ansvaret, med presten som disponerte huset og allmugen som skulle betale reparasjonar, var ingen fordel for Raulåna.

I midten av 1740-åra, da det var venta kongebesøk til bygda, gjekk fogden og representantar for bygdefolket gjennom Raulåna for å vurdere tilstanden. Mye var i dårleg forfatning, og kostnadsoverslaget for reparasjonen vart nok i høgste laget for bøndene. Da greip amt-



*Kammeret (venstre side) og Herresalen - to rom som fortel historie utan ord. Kammeret står slik det var da Raulåna vart teken i bruk, og har ein sterk atmosfære av 1600-tal og barokk, mens Herresalen viser kva som var tidsriktig dekor for hundre år sidan.*

mannen inn, og forærte av eiga lomme ein rund sum til prosjektet. Til vederlag fekk sponsoren ei minneplate, som den dag i dag heng over inngangsdøra, med denne inskripsjonen:

*«Anno 1747 Blev Denne Herrestue-Bygning af Opdal Meenighed Repareret, Til Hvilken Reparation Høyædle og Welbaarne Hr. Stifts-Befalings.Mand Christian De Stochfleth forærede Dene fattige Meenighed 40 Rixdaler.»*

God uttelling for pengane - det er vel ingen sponsorar i dag som kan rekne med å få slik langtidsreklame!

I 1899, etter ein langvarig strid om kva plikter og rettar bygdefolket (som no vart representert av kommunestyret) eigentleg hadde når det galdt Raulåna, kjøpte kommunen seg ut or problemet. Kommunestyret gav eit pengetilskot til ny prestebustad, mot å sleppe å ha noe ansvar lenger for vedlikehaldet av Raulåna. Og den gamle ærverdige herrestua

vart fire år seinare selt på auksjon til Opdal ungdomslag.

Ungdomslaget oppdaga etter kvart at Raulåna ikkje var det ideelle ungdomshuset. Den korte avstanden til kyrkja kunne verke noe trykande når laget arrangerte festar. Og huset var eigentleg for lite. I 1908 vart det lufta planar om å flytte Raulåna ned til ei tomt i Prestbakkan. Heldigvis fekk ho stå der ho var. Vi har også all grunn til å vere glade for at ein annan tanke frå same tida ikkje vart realisert: å bruke Raulåna til aldersheim.

Endskapan på diskusjonane om ungdomshuset Raulåna vart at Opdal ungdomslag selde huset til kommunen. Og no fungerte den gamle herrestua som kommunehus fram til andre verdskrigen. Ein del slike funksjonar hadde Raulåna hatt i siste halvdel av 1800-talet, før ho vart selt til ungdomslaget - blant anna hadde ho gjeve rom til skule- og fattigkommisjonen.

Under siste verdskrigen var det nære på at Raulåna kom til vegg ende. Noen tyske soldatar fyrte så hardt i ein av veggane at det tok fyr i veggen. Men folk kom til og fekk sløkt i siste liten.

Etter krigen vart Raulåna lenge ståande til forfalls. Huset fungerte hovudsakleg som lagerplass, og få hadde tanke for historia og kulturverdiane det representerte. Men i 1980-åra skjedde det ei holdningsendring. Riksantikvaren kom inn i bildet med økonomisk og fagleg støtte til restaurering, og etter noen år hadde Raulåna atter fått ein utsjånad som var ei herrestue verdig.

### Ein rundtur i Raulåna

Eit grunnleggjande prinsipp for restaureringsarbeidet var at dei enkelte romma skulle få den utsjånaden dei hadde i eit bestemt tidsrom. Dermed blir ein tur gjennom bygningen også ei vandring i stilhistorie, frå slutten av 1600-talet og fram til tida rundt 1900.

I første etasjen, til høgre for kjøkkenet, finn vi *Malekammeret* og den noe større *Herresalen*. Desse romma står no slik dei tok seg ut da Opdal ungdomslag hadde ansvaret for huset. Dei gamle tapeta var det stort sett berre fillene att av, men romma vart tapetserte på nytt med handlaga kopiar av originaltapeta.

Gangen i begge etasjane var opphavleg vakkert dekorert i såkalla bruskarokk - same stilen som er bruka på altartavle og preikestol i kyrkja. Men i seinare tid er denne dekoreren blitt meir eller mindre overmåla med ein okergul farge. Ved restaureringa vart målinga fjerna med stor varsemnd, slik at originaldekoren fekk kome til sin rett.



*Døra som fører frå gangen i andre etasje og inn i Kongesalen, er ganske unik, også i landssamanheng. Mens dekoren elles i Raulåna er prega av 1600-talets barokkstil, er denne døra utforma og dekorert i den eldre renessansestilen. Ho må opphavleg ha kome frå ein annan bygning, og det har vore gjetta på den gamle stavkyrkja.*

I andre etasjen er det truleg det mellomste av dei tre romma, *Kammeret*, som gjer sterkast inntrykk. Dette rommet står stort sett slik det gjorde mot slutten av 1600-talet, med ein frodig barokk rankedekor både på veggene og i taket, og gir ei intens oppleving av fortid.

Til høgre for *Kammeret* er den store *Kongesalen*, der kongane skal ha overnatta i ei himmelseng som dessverre ikkje eksisterer lenger. Ei svært spesiell og praktfull dør i renessansestil fører inn rommet. Det har vore gjetta på at døra kan ha stått i den gamle stavkyrkja. Dekoren på veggene i dette rommet er ei historie for seg sjølv. Eigentleg skulle Hans Bernhoft ha investert i tekstiltapet, slik skikken var den tid, men det hadde han ikkje økonomi til. Derfor måtte han velje ei langt billegare løysing: Kopi av tekstiltapet vart *måla* på veggene - over heile rommet. Seinare, på 1700-talet, vart veggene panelte og måla i tidsriktig blåfarge. Kongesalen er no restaurert tilbake til denne stilperioden. Men noe av panelet er fjerna for å vise korleis rommet opphavleg såg ut, da det hadde måla tapet.

Det tredje rommet i andreetasjen vart kalla *Kongekammeret*. Her er tømmerveggen jamna ut med ein sementaktig masse, og vakker dekorert. Også dette rommet var i sterkt forfall før restaureringa, men er no gjenskap slik det ein gong stod.

Mange kongar har vore innom prestegarden og Raulåna gjennom tidene. Kristian 5. var den første, i 1685, berre ti år etter at huset var bygd. I 1704 kom Fredrik 4., i 1733 Kristian 6. Siste besøket skjedde i 1860, da den norsk-svenske kongen Karl 15. reiste gjennom Oppdal på kroningsferd til Trondhjem. I 1993 var det planlagt besøk av Harald 5. i samband med Landsskytterstevnet, men på grunn av dødsfall kom ikkje kongen til bygda. Men vi må tru at det ikkje vil gå så mange år før kongelege gjester igjen stig inn i Kongesalen.

## Familien Bernhoft - eit kulturmiljø

### Presten - tenar både for Gud og konge

I det gamle samfunnet hadde presten eit vidare ansvar og langt større autoritet og makt enn han har i dag. Da Kristian 3. braut med paven og katolisismen og innførte Luthers lære i 1536, var dette noe mye meir enn skifte av tru. Kyrkja vart lagt inn under kongen - ho var frå no av statskyrkje - og prest og biskop fungerte som kongelege embetsmenn. Dei hadde ansvar for sine soknebarn både på det åndelege og det verdslege planet. Ein dugande, tiltaksam sokneprest kunne utrette mye positivt for bygdefolket og setje varige spor etter seg. På den andre sida levde også dårlege prestar lenge i folkeminnet.

Oppdal har hatt mange dyktige prestar gjennom tidene, og enkelte av det motsette slaget. Vi skal ikkje sitte i ettertid og vere dommarar. Det synest klart at dei som ikkje makta å utføre prestegjerninga på ein god og verdig måte, hadde alvorlege personlege problem - ofte knytt til alkoholmisbruk. Det går mange historier om Niels Holbye, prest i Oppdal 1714-22, som får denne usminka attesten i prestebioografien til Andreas Erlandsen: «Hr. Niels Holbye, Præst på Admiral Tordenskjolds Skib, var saa liderlig, at Admiralen, for at befries fra ham paa en god Maade, udbad hos Kongen hans Befordring [forflytting]; der traf Opdals Kald i Trondhjems Stift; der drak han sig ihjel, efterat han i 6 Aar havde erhvervet sig den mest skjændige Ihukommelse ved saadan Forargelse, at



*Hans (til venstre) og Anders Bernhoft, far og son - sokneprestar i Oppdal i andre halvparten av 1600-talet. Saman med kone og mor Elen utgjorde dei eit kulturinteressert treklover som sette sterke spor etter seg. Mens Hans dreiv latinskule i prestegarden, sysla Anders og Elen med skriving og fekk seg ein plass i litteraturhistoria.*

en fattig Bonde nægtede ham sin Datter tilægte, og drev Frieren bort med Stridshammer og Hul i Hovedet.» Kjent er også slagsmålet mellom Holby og lensmann Sven Hokseng, ein nevekamp som enda med at presten miste skjegget - den sterke og temmeleg iltre lensmannen sleit det heilt av.

I sterk kontrast til slike prestetypar står dei gode, konstruktive. I siste halvparten av 1600-talet hadde Oppdal prestar som skapte eit kreativt kulturmiljø på Vang, eit miljø som var knytt til familien Bernhoft og var kjent langt utafor Oppdal.

### **Elen, Hans og Anders: tre uvanlege kulturpersonar**

Ei av døtrene til Anders Roaldsen Blik, som var prest da Vangskyrkja vart bygd i 1650, heitte Elen. Ho vart gift med etterfølgjaren til faren, Hans Bernhoft (sokneprest i Oppdal 1662-89).

Elen og Hans delte ei sterk interesse for kultur. No var det ikkje vanleg den tida at kvinner skulle «stikke seg fram», verken på kul-



turfronten eller på andre frontar (sjølv sagt med unntak av «heimefronten»). Elen braut dette mønsteret, og har fått seg eit namn i litteraturhistoria som ei av dei svært få skrivande kvinnene på 1600-talet.

Tradisjonen seier at Elen Opdal (ho bruka som søskena sine bygdenamnet til etternamn) er forfattaren til den kjende salmen *Jesus, styr du mine tanker*. Salmen vart skriven ned av Landstad etter munnleg overlevering langt seinare. Men det var ikkje så enkelt for ei kvinne med seks barn og mange plikter på prestegarden å finne tid til å dyrke skrivekunsten. Først i eldre år, da ho var blitt enke og flytte frå Opdal til København, fekk ho betre høve til å dyrke sine litterære interesser. Blant anna sette ho om frå tysk til dansk eit religiøst skrift. Og ho gav ut to religiøse diktsamlingar som sønene Anders og Hans hadde skrive.

Hans Bernhoft var ein lærd mann, og ved sida av prestegjeringa dreiv han skule - nærast som ein latinskule - i prestegarden. Hit kom blant anna unge gutar frå den rike Angell-familien i Trondhjem for å få utdanning. Det blir sagt at lærarane i Trondhjem sette lite pris på at ungdom frå byen drog til Opdal for å utdanne seg. Det blir også sagt at Hans vart tilbydd *lektoratet* i Trondhjem, ei prestisjetung stilling som var knytt til domkyrkja og katedralskulen. Men oppdalspresten takka nei, «da han ikke vilde forlade sin Menighed»

Da Hans Bernhoft døydde i 1689, tok sonen Anders over presteembetet. Han hadde da i fleire år fungert som kapellan under faren, og han hadde også vore medlærer på privatskulen. Som foreldra vart Anders ein lærdomskjær og skrivefør person. Men han fekk eit liv med mye sjukdom og smerte, og var berre godt og vel tretti år da han døydde. Portrettet av han i Vangskyrkja viser ein mann med magert, sjukleg ansikt. Dei personlege plagene ligg som ein undertone i salmene hans, som krinsar rundt Jesu lidning og død.

Anders Bernhoft levde samtidig med Petter Dass, og diktinga til begge er farga av den frodige - etter vår oppfatning ofte svulstige - språk- og bildebruken til barokken. Men elles er avstanden stor mellom dei to: Petter frodig og livsglad i sin hyllest til Gud - Anders stadig vendt mot mysteriet lidning og sorg. Petter Dass var nok ein langt større diktar enn Anders Bernhoft, men også oppdalspresten har fått seg ein plass i norsk litteraturhistorie.

Anders Bernhoft er også kjent for den første større skriftlege framstillinga om bygda Opdal, som han laga i 1689 etter oppdrag frå biskopen. Her er mye interessant stoff om kyrkja, prestegarden og bygda i det heile på 1600-talet.